

Fra: Arnt Erik Nordheim <aen@harris.no>
Sendt: 8. januar 2019 11:11
Til: Postmottak Sentraladm
Kopi: Jan Tore Rosenlund
Emne: Innsynskrav - avtaler om utbygging/grunnerverv mv. gbnr. 21/25 - Utviding av Øyrane Vidaregåande
Vedlegg: Merkander områdeplan Indre Øyrane.pdf; Plankart med utvidingsareal.pdf

*Sogn og Fjordane fylkeskommune
v/Bygg- og eidegdomstenesta*

Det vert vist til framlegg til områderegeringsplan for Indre Øyrane, med framlegg til [utvidingsareal for Øyrane vidaregåande skule](#), jf. også merknader Frå fylkeskommunen v/eidegdomstenesta til planoppstart (s. 5-6 i vedlagt notat). I forslag til områdeplan er det avsett utvidingsareal mot aust, inn på areal som berører gbnr. 21/25.

1. Det vert bedt om innsyn i omtalte «**Notat 01.06. + div. illustrasjonar (dok 170)**» (s. 5 i vedlegget), jf. offentleglova § 3. Det vert lagt til grunn at notatet m/illustrasjonar er offentlege. Dokumenta er delt med Førde kommune, og såleis ikkje organinterne hjå dykk, jf. offl. § 14..
2. Det vert vidare bedt om innsyn i eventuelle inngåtte **avtalar, intensjonsavtaler mv. med gbnr. 21/25** eller andre berørte eidegdomar/partar i samband med prosjektet. Inngåtte avtalar er ikkje teiepliktige, jf. offl. § 13, og kan ikkje haldast utanom innsyn i medhald av offl. § 23, jf. § 11.

Det vert vidare vist til omtale av byggeprosjekt på fylkeskommunen sine nettsider:

Nytt opplærings- og kompetansesenter i Førde

Etablering av eit nytt opplærings- og kompetansesenter i Førde er eit investeringsprosjekt som legg opp til samlokalisering av Mo og Øyrane vidaregåande skule og Hafstad vidaregåande skule til ein felles ny vidaregåande skule i Førde (fysisk samanslåing gjeld ikkje avd. Mo) og samlokalisering med fagskulen. Prosjektet omfattar vidare ny tannhelseklinikk i Førde og bygging av fleirbrukshall. **Det er inngått ein intensjonsavtale om vidare arbeid i saka.** Det vert arbeid vidare med å legge til rette føresetnader for eit ev. sal av Hafstad vgs, vidareføring av program- og konseptarbeid, samt oppfylgging av reguleringsprosessar for området **i samsvar med avtalen.**

3. Det vert bedt om innsyn i den refererte intensjonsavtalen, og eventuelle andre avtalar med grunneigarar i samband med det omtalte prosjektet. Inngåtte avtalar er som nemnt er ikkje teiepliktige, og kan ikkje haldast utanom innsyn i medhald av offl. § 23, jf. § 11.

Det vert lagt til grunn at opplysingane ovanfor er tilstrekkeleg til å identifisere sak og dei dokument det vert bedt om innsyn i. Svar på punkt 1-3 kan sendast elektrinisk til denne e-postadressa.

På førehand takk,



Med vennlig hilsen

Arnt Erik Nordheim
Advokatfullmektig

411 07 897 | aen@harris.no

Harris Advokatfirma AS
Storehagen 3A
PB 474, 6803 Førde
57 83 71 00 | harris.no

Følg oss på [Facebook](#) og [LinkedIn](#).

Hvis e-posten mottas ved en feil, ber vi om at den slettes og avsender underrettes.
